



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Sundal Kraftverk AS
6110 AUSTEFJORDEN

Middelthuns gate 29

Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Vår dato: **25 JUN 2009**

Vår ref.: NVE 200804123-8 ki/ero

Arkiv: 312 /094

Dykkar dato: 08.06.2008

Dykkar ref.: Trond Ryslett

Sakshandsamar:

Erik Roland

22 95 90 24

Sundal Kraftverk AS - Søknad om planendring for Sundal kraftverk i Volda kommune, Møre og Romsdal – Oversending av NVEs løyve

Sundal Kraftverk AS har søkt om planendring for tidlegare gjeve løyve til bygging av Sundal kraftverk i Sundalselva i Volda kommune, Møre og Romsdal. Etter ei samla vurdering finner NVE at fordelene med auka installert effekt og slukeevne og minka storleik på omlaupsventilen er større enn ulempene for allmenne og private interesser slik at krava i vassressurslova § 25 er oppfylt. I medhald av vassressurslova § 8 gjev NVE løyve til planendringa.

Søknad

NVE har motteke søknad dagsett 08.06.2008 frå Sundal Kraftverk AS v/Trond Ryslett om planendring for Sundal kraftverk som ble gjeve vassdragskonsesjon i medhald av vassressurslova av NVE 25.08.2005. Frå søknaden vert fylgjande sitert:

"Eg viser til NVE sin vassdragskonsesjon datert 25.08.2005 og til vedlagde biologiske rapport frå Alv Ottar Folkestad.

Installert effekt er auka til 4,0 MW fordi kostnaden med auken vart svært liten og fordi det ikkje knyter seg særleg interesse til det biologiske mangfaldet i området. Den auka effekten medfører at energiproduksjonen aukar med 1,6 GWh/år.

Av den biologiske rapporten framgår det at "områda i og langs elva er nokså ordinære i høve til det som finst langs vassdrag og det øvrige terrenget i denne regionen" og at "Dei raudlisteartane som er noterte i nærområdet til utbygginga, er ikkje knytte spesielt til dei områda som vert påverka av planlagde inngrep, og det er ikkje rimeleg å rekne med målbar, negativ effekt på desse artane og heller ikkje det biologiske mangfaldet i området. Den rikaste delen av vassdraget ligg nedanfor den planlagde utbygginga, i påverknadssona frå jordbrukslandskapet, mellom Engjoberg og sjøen".

Eg ber med dette om at NVE godkjenner den installerte effekten på 4,0 MW. Grunnen til att denne søknaden kjem så lang tid etter utbygginga er at vi trudde dette var i orden da vi fekk godkjent detaljplanane der effekten var sett til 4 MW med ei slukevne på 1,8 m³/s.

Vi vart oppmerksom på att dette ikkje var i orden under befaring og tilsyn den 19.05.2008."

Sunddal Kraftverk AS v/konsulentfirmaet Sweco har laga ei utgreiing, dagsett 27.01.2009, om ein plan for biotopjusterande tiltak på elvestrekkja nedstraums kraftverket. Frå denne gjengjev vi følgjande samandrag:

"Sammendrag:

Det er gitt konsesjon for Sundal kraftverk i Sundalselva i Austeffjord (25.08.05), og kraftverket er bygd og satt i drift. Sundal Kraft AS er konsesjonshaver, og det er satt vilkår om bygging av omløpsventil med kapasitet på 50 % av kraftverkets slukeevne (som er 1,25 m³/s). Det er imidlertid installert en omløpsventil med mindre slukeevne. Med hjemmel i konsesjonsvilkårene er det gitt pålegg om å utarbeide en plan for biotopjustering på strekningen nedstrøms kraftverket.

Denne rapporten oppsummerer de fysiske forutsetningene Sundalselva har for oppvandring av og produksjon av anadrom laksefisk og vurderer endringer som følge av redusert vannføring ved utfall av kraftstasjon og vannslipp kun gjennom omløpsventilen. Undersøkelsen konkluderer at det er oppvandring av anadrom fisk i vassdraget til om lag 150 m ovenfor utløpet fra kraftstasjonen. Bare ørret/sjøørret ble påvist ved elfiske. Fire årsklasser ble registrert, bestanden er relativt tynn, men har årlig reproduksjon. Ved middelvannføring (833 l/s) er hele elvesenga dekket med vann i store deler av elvestrekningene fra kraftstasjonen og ned, men med ein del tørrfall, hovedsakelig i de strie strykpartiene forbi Sunndalsgårdene og ned til sidebekken fra Sundalsholen. Det er gode gyte- og oppvekstmuligheter for både laks og sjøørret i vassdraget.

Det er 3 markerte mindre fossefall ved de gamle kvernhusa nedstrøms Holebø, 2-3 markerte fosser ved Sunndalskleivene og en markert foss med tilhørende stritt strykparti ovenfor riksvegen nær utløp, som er de viktigste fysiske barrierene for oppvandring av anadrom fisk. I den største fossen er det en gammel fisketrapp.

Ved stans (utfall) av kraftstasjon og vanntilførsel kun gjennom omløpsventil (og vann fra restfelt) øker andelen tørrfall med anslagsvis 10 % på strekningen ned til sidebekken fra Sundalsholen, og videre nedover med anslagsvis 5 %. Dette er vurdert på bakgrunn av fotodokumentasjon av andel tørrfall ved 1) kjøring av kraftverket på maks slukeevne og 2) stans av kraftstasjon og vannslipp gjennom omløpsventil.

Ved befaring ble den anadrome strekningen (lang elva) målt til 2160 m nedstrøms kraftverksutløpet, hvorav 2100 m nedstrøms kraftverksutløpet. Av dette er de øverste 200 m (til ca. 40 m nedstrøms kraftstasjonen) direkte berømt av fysiske inngrep som følge av kraftutbyggingen; ved steinfylling langs elva og redusert vannføring. Videre nedover er elva naturlig, etter hvert meanderende med intakt kantvegetasjon ned til fossestrykene ved Holebø. Herfra og ned til utløp er elva påvirket av ulike menneskeskapte inngrep som landbruk, nærliggende veg, hus og tidligere kverndrift. Med unntak av fossene og de strieste strykene har Sundalselva et naturlig potensiale for produksjon av anadrom fisk, spesielt sjøørret. Den lave produksjonen skyldes begrensede oppvandringsmuligheter på grunn av flere markerte fosser i nedre del opp til Holebø.

Vi anbefaler ingen biotopjusteringer i form av terskler, forbygninger, utlegging av gytesubstrat mm., men anbefaler andre avbøtende tiltak for å styrke fiskebestanden i vassdraget:

- Opprusting og nødvendig fremtidig vedlikehold av fisketrappa ved Sunndalskleiva
- Vurdering og evt, utbedring av oppgang i fossen (samt renna oppstrøms) og ved Kvernhusfossene nedstrøms Holebø

Alle tiltak må avklares med lokale interessenter, instanser i kommunen og fylke og NVE før tiltak iverksettes."

Sundal Kraftverk AS har på oppmoding frå NVE gjeve informasjon om overføringa av Haralddalselva, hydrologiske verknader, lavvassføringar og kraftproduksjon i ein e-post dagsett 26.05.2009:

"Kapasiteten til overføringa frå Haralddalselva er ikkje auka og den auka slukeevna får ingen konsekvensar for restvassføringa i Haralddalselva.

Overføringa frå Haralddalselva skjer gjennom eit rør utan regulering og den auka slukeevna i kraftverket vil berre redusere restvassføringa i Sundalselva.

Når det gjeld hydrologi, viser eg til vedlagde utgreiing frå Knut Ola Aamodt.

Minstevassføring, produksjon og nytta vassmengde:

	Minstevassføring	Produksjon GWh	Nytta vassmengde % av totalt tilsig
Konsesjonskrav	100 l/s sommar	13,67	79
Alm. lågvassføring	71 l/s året	13,22	76
5-persentil	211 / 63 l/s sommar/vinter	12,36	70

...

Antall dager med vannføring større enn maksimal slukeevne $1,8 \text{ m}^3/\text{s}$ ($\text{ndag} > \text{maxsluk}$) og antall dager med vannføring mindre enn minste slukeevne $0,1 \text{ m}^3/\text{s}$ ($\text{ndag} < \text{minsluk}$), for tørt (2006), middels (2002) og vått (2007) år. Alternative minstevannføringer er: eksisterende konsesjonsbetingelse 100 l/s 1/5 – 30/9, ny beregning av alminnelig lavvannføring 71 l/s hele året og 5 persentil sommar 1/5 – 30/9 211 l/s, 5-persentil vinter 1/10 – 30/4 63 l/s.

	100 l/s 1/5 – 30/9	71 l/s hele året	211 l/s 1/5 – 30/9 63 l/s 1/10 – 30/4
Tørt år 2006 $\text{ndag} > \text{maxsluk}$	20	32	32
Tørt år 2006 $\text{ndag} < \text{minsluk}$	125	122	147
Middels år 2002 $\text{ndag} > \text{maxsluk}$	32	32	32
Middels år 2002 $\text{ndag} < \text{minsluk}$	59	115	126

Vått år 2007 ndag>maxsluk	76	76	76
Vått år 2007 ndag<minsluk	25	61	57

...

NVEs merknader

Gjeldande konsesjon

Ved vedtak dagsett 25.08.2005 fekk Sundal Kraftverk AS løyve av NVE til overføring av Haralodedalselva til Sundalselva og til bygging av Sundal kraftverk i Volda kommune, Møre og Romsdal. Konsesjonen med vilkår vart gjeve i medhald av vassressurslova. I vilkåra blei det mellom anna i post 1 sett krav om å sleppe ei minstevassføring på 100 l/s forbi inntaket i Sundalselva i tida 1. mai – 1. oktober. Av omsyn til fisk på anadrom strekning nedstraums kraftverket vart det stilt krav om at det skulle installerast ein omlaupsventil med kapasitet på halvparten av største slukeevne i kraftstasjonen. I post 4 vart det sett som vilkår at detaljplanar skal vere godkjende før byggearbeidet kan settast i gang.

NVE sitt løyve var elles basert på informasjon i søknaden om at kraftverket ville få ein maksimal slukeevne på 1,25 m³/s og ein installert effekt på 2,7 MW.

Detaljplanar

Medan detaljplanane vart utarbeidd, sende søkjar v/konsulent Ing. Hermod Seim ein e-post dagsett 19.09.2005 til NVE der han ber om at kapasiteten på omlaupsventilen vert minska til 100 l/s. Han grunngjev storleiken på ventilen mellom anna ut frå søkjars meining om kor høg vassføring som er naudsynt for å sikre overleving av fisk i elva nedstraums kraftverket ved eit uventa utfall av kraftstasjonen. Det ligg ikkje føre noko dokumentasjon hjå NVE på at dette vart godkjend.

Detaljplanar blei sendt inn til NVE i brev dagsett 11.12.2005. I desse vart det opplyst at kraftstasjonen ville få to like store Peltonaggregat med ei samla yting på 4 MW ved ei maksimal driftsvassføring på 1,8 m³/s. Storleiken til omlaupsventilen vart redusert frå 50 % av 1,25 m³/s til 200 l/s. NVE godkjende i brev dagsett 30.01.2006 dei framlagde planane på visse vilkår, mellom anna at det skulle sendast inn nye planar for forbisleppingsventil i kraftstasjonen i samsvar med gjeldande konsesjon. Kraftverket vart likevel bygd etter detaljplanane, men med lågare kapasitet på omlaupsventilen enn fastsett i konsesjonen. Kraftverket leverte straum på nettet frå 28.11.2006.

Miljøtilsyn

Under miljøtilsyn 26.02.2007 avdekka NVE manglande samsvar mellom krava i gjeldande konsesjon og storleik på installert omlaupsventil. NVE bad i tilsynsrapporten, dagsett 29.03.2007, om ei avklaring om eventuelle biotopjusterande tiltak på elvestrekkja nedstraums kraftverket kunne kompensere for mangelfull kapasitet på omlaupsventilen. Ved neste miljøtilsyn 19.05.2008 var ikkje slike vurderingar gjort, og endringen av kapasiteten på omlaupsventilen blei ikkje godkjent. I rapporten frå det siste tilsynet er det omtala at Sundal kraftverk har ein installert effekt på 4 MW, noko som heller ikkje er i samsvar med konsesjonen og at NVE i etterkant av tilsynet har motteke søknad om endra installasjon.

Planendring

Sundal Kraftverk AS har søkt om løyve til å auke samla yting frå 2,7 MW og slukeevne frå 1,25 m³/s i gjeldande konsesjon til høvesvis 4,2 MW og 1,88 m³/s slik kraftverket er bygd. I høve til medelvassføringa ved inntaket i Sundalselva vert dette ei auke i slukeevna frå 150 % til 226 %.

Selskapet grunngjev planendringa med at kostnaden knytta til auka effekt er liten og at det ikkje er særleg interesse knytta til biologisk mangfald i området.

I kraftverket er det installert to like peltonturbiner, kvar med ein maksimal effekt på 2,1 MW ved ei største slukeevne på 0,94 m³/s. Diameteren til tilløpsrøyrret frå inntaket i Sundalselva vart auka frå 0,70 m i den fyste søknaden til 0,95 m. Årleg, ny produksjonen er rekna til 12,8 GWh. I den opprinnelege søknaden blei produksjonen rekna til 11,2 GWh for alt. 2. Søkjar har ikkje gjeve nokon tal for kostnadane til planendringa.

Kapasiteten til omlaupsventilen er 170 l/s i det bygde kraftverket, noko som utgjer om lag 9 % av største slukeevne på 1,88 m³/s. I høve til gjeldande konsesjon er vilkåret 50 % med ei føresett slukeevne på 1,25 m³/s. NVE har difor funne det naudsynt å handsame desse endringane som ein søknad om planendring då både kapasiteten til omlaupsventilen og kraftverket si slukeevne har stort avvik i høve til vilkår i post 1 i konsesjonen og frå dei føresetnader som låg til grunn for konsesjonen.

Sakshandsaming

Søknaden om løyve til planendring og utgreiinga av biotopjusterande tiltak er ikkje sendt på høyring, men handsama av NVE i dialog med søkjar då saka etter vår meining er tilstrekkelig opplyst gjennom den høyringa som fant stad ved handsaming av søknaden om løyve til bygging av kraftverket. Det er ikkje andre vassdragsavsnitt som vert berørt ved ei ev. planendring enn dei som var omtala i den høyringa.

NVE skal i handsaminga av søknaden vurdere om fordelene med auka installert effekt og slukeevne og minska omlaupsventil er større enn ulemperne for allmenne og private interesser slik at krava i vassressurslova § 25 er oppfylt. Det kan i eit ev. løyve fastsettast nye vilkår om det anses naudsynt for å avbøte ev. nye ulemper som følgje av endringane.

Hydrologiske verknader

Varigheitskurva for tilsiget til kraftverket syner at med ei auka slukeevne vert antall dagar med overlaup ved inntaket i Sundalselva om lag det halve samanlikna med berekningane for alternativ 2 i søknaden som låg til grunn for konsesjonen. Slik kraftverket er bygd vil det vere overlaup i 32 dagar i eit medels år, 76 dagar i eit vått år og 20 dagar i eit tørt år. Kraftverket må stå når vassføringa er lågare enn summen av minste slukeevne og minstevassføring i 59 dagar i eit medels år, 25 dagar i eit vått år og 125 dagar i eit tørt år. Om lag 79 % av vatnet er fraført vassdraget på utbyggingsstrekka og nytta til kraftproduksjon.

Kraftproduksjon

Produksjon med slepping av ei minstevassføring på 100 l/s i sommarperioden er no rekna til 13,7 GWh. I planendringssøknaden var produksjonen rekna ut til 12,8 GWh. Forskjellen skuldast mellom anna at ulike hydrologiske målestasjonar er nytta i dei to utrekningane og syner kor usikkert produksjonstalet kan vere.

NVE si vurdering etter vassressurslova

Den opprinnelege søknaden om løyve til å bygge Sundal kraftverk hadde tre alternativ for yting, slukeevne og produksjon i samanheng med overføring av Haralddalselva til Sundalselva og regulering av Haralddalsvatnet og Sundalssetrevatnet:

Alt. 1: Effekt 2,7 MW, slukeevne 1,25 m³/s, produksjon 12,5 GWh (m/overføring og regulering)

Alt. 2: Effekt 2,7 MW, slukeevne 1,25 m³/s, produksjon 11,2 GWh (m/overføring og u/regulering)

Alt. 3: Effekt 2,2 MW, slukeevne 1,00 m³/s, produksjon 9,3 GWh (u/overføring og regulering)

Kraftverket som det vart gitt løve til må ligge innafor dei tekniske løysingane som er omtala i søknaden. Storleiken på effekt/slukeevne og forbisleppingsventil for kraftverket som er omtala i detaljplanen, samsvarar ikkje med nokon av dei nemnde alternativa. NVE legg til grunn at konsesjonæren ikkje har anledning til å ha høgare installert effekt eller meir slukeevne enn det som omtalast i søknaden uten at dette er godkjend av NVE. Viss konsesjonæren skal få anledning til å gå over desse verdiane, må han søke om ny konsesjon. NVE praktiserer likevel regelverket slik at mindre endringar kan gjerast som ein del av detaljplangodkjenninga, men som tidlegare nemnd har NVE ved fleire høve i denne saka påpeika at omlaupsventilen hadde for lite kapasitet.

Då NVE godkjende detaljplanen, blei søker ved ein inkurie frå NVE ikkje opplyst om at det ikkje vart gjeve løyve til å bygge Sundal kraftverk med større yting og slukeevne enn føresett i konsesjonen. Søkjar oppfatta såleis, diverre, godkjenninga som ein aksept for eit tillegg på 1,3 MW i effekt og 0,55 m³/s i slukeevne i høve til alt. 2 i søknaden. Kapasiteten til omlaupsventilen vart likeins redusert frå 625 l/s (50 % av 1,25 m³/s) til 170 l/s (mot 200 l/s i detaljplanen) som omtala i utgreiinga av biotopjusterande tiltak i Sundalselva nedstraums kraftverket.

Sundal Kraftverk AS har såleis ikkje bygd kraftverket sitt i samsvar med konsesjonen, vilkåra og informasjonen i søknaden. Dette kan til ei viss grad skuldast manglande informasjon til selskapet knytta til godkjenninga av detaljplanane. NVE legg likevel til grunn at søker har eit eige ansvar for å sjå til at detaljplanane som vert innsend er i samsvar med konsesjonen.

Biologisk mangfold

I undersøkelsen av biologisk mangfald frå 2003 vart det ikkje registrert spesielle naturverdiar eller raudlista arter som var avhengig av naturleg vassføring. Det vart observert ein hekkeplass for fossefall på utbyggingstrekninga i Sundalsvassdraget og ein i Sundalselva like nedanfor brua ved Engjoberg.

I høve til gjeldande konsesjon vil ei auka slukeevne i kraftverket gjere at det vert mindre restvassføring og færre dagar med overlaup ved inntaket. NVE meiner ei viss auke i slukeevna ikkje vil ha nemnande verknader på biologisk mangfald. Elva er i stor grad tørrlagd om vinteren, og etter vår meining er det storleiken på minstevassføringa som er avgjerande. Denne er ikkje endra.

Anadrom fisk

NVE bad Sundal Kraftverk AS lage ei utgreiing for å avklare om eventuelle biotopjusterande tiltak på elvestrekkja nedstraums kraftverket var naudsynt for kompensere for lågare kapasitet på omlaupsventilen.

Utgreiinga syner mellom anna fotografier frå befaringa av Sundalselva på fleire stader på den anadrome strekningen ved ei vassføring 05.11.2008 på 1,33 m³/s og 0,40 m³/s dagen etterpå. Biletet vist i figur 1.2 syner korleis vassdekninga i elva vil vere ved utlaupet av kraftstasjonen ved eit brått utfall når det er låg restvassføring. Over halve elveleiet vert tørrlagd. Ved eit storsteina parti om lag 400 m nedstraums kraftverket vil tørrfallet vere moderat, ca. 10 % av elvesenga med køyring av

kraftverket på halv slukeevne, jf. figur 4.3. Tørrfallet minkar til om lag 5 % ved gyteområda nedstraums fossane ved Holebø.

Utgreiinga syner at det er oppvandring av anadrom fisk til om lag 150 m ovanfor kraftstasjonen. Aure og sjøaure vart påvist med elfiske. Fire årsklasser blei registrert. Førekosten av anadrom fisk er relativt tynn, men den har årlig reproduksjon.

Samla anadrom strekning i Sundalselva er 2160 m frå utlaupet i sjøen. Av denne blei om lag 200 m ovafor kraftstasjonen påverka av redusert vassføring og steinfylling ved utbygginga. Gyteforholda for laks og sjøaure er gode i vassdraget, men fleire markerte fossar nedanfor Holebø er fysiske hindre for oppvandring, noko som gjev låg reproduksjon. Det er ei gamal fisketrapp i den største fossen ved Sundalskleivene. Fisketrappa blei sist renska i 2007, men det er uvisst om ho fungerer i dag.

Med høgare slukeevne i kraftverket vert det færre dagar med overlaup og berre minstevassføring og lokaltisig frå restfeltet tilbake i elva utanom flaumperiodane. Dette kan påverke oppvandringa av anadrom fisk forbi kraftstasjonen, men strekninga er kort og har ikkje verdi som gyte- eller oppvektstområde då det ikkje er krav om heilårleg minstevassføring.

Ein lågare kapasitet på omlaupsventilen enn føresett i konsesjonen, saman med høgare slukeevne, vil gje ei langt mindre vassmengde i elva nedstraums kraftstasjonen ved eit uventa utfall samanlikna med kravet i konsesjonen. Tilhøva for anadrom fisk vert meist kritisk om kraftverket før utfallet gjeng med maksimal driftsvassføring utan overlaup ved inntaket og utan slepp av minstevassføring. Tørrfallet vil då auke svært raskt, og fisk kan strande der den vassdekte elvesenga er brei før vassføringa er tilbake på normalt nivå etter ca. ein halvtime.

NVE meiner at ei planendring med auka slukeevne og minska kapasitet på omlaupsventilen kan forverre tilhøva for fisk, særleg på den øvre delen av den anadrome strekninga i Sundalselva. Verknaden vert dempa lenger nede i vassdraget. Lokalt vil effekta variere med utforminga av elvelaupet og substrat, minst på smale og stille partier med kulper og størst på breie strykstrekningar med steinbunn. Den anadrome fiskebestanden er liten, og NVE vurderer slik at det vil vere vel så avgjerande at elvelaupet i øvste del av strekninga nedstraums utlaupet av kraftstasjonen har ei form som gjer at verknadene ved utfall vert minst mogeleg. Vi ser det også slik at det vil vere ein fordel å hauste erfaring med kraftverksdrifta før det eventuelt i medhald av konsesjonsvilkåra, jf. post 8, vert gjeve pålegg om biotopjusterande tiltak.

Landskap

På øvre del av utbyggingsstrekninga er Sundalselva bratt med fosser og stryk som går i juv eller over svaberg. Nedre del av elvestrekkja er slakare, og elvelaupet har stort sett grov rullestein. Langsetter elva er det bygd atkomstveg fram til inntaka i Haraldedalselva og Sundalselva. Med ei auka slukeevne vert verdien av elvane som landskapelement ytterlegare redusert i høve til føresetnaden for gjeldande konsesjon, mellom anna då det vert færre dagar med overlaup. NVE meiner likevel at den fastsette minstevassføringa i tilstrekkelig mon ivaretek elva som landskapelement, då elva er lite eksponert.

Oppsummering

NVE meiner det er uheldig at Sundal kraftverk vart bygd slik at det ikkje var i samsvar med løyvet når det gjeld installert slukeevne og storleik på omløpsventil, og at det gikk ut over dei rammene som konsesjonen fastsett. Vi meiner at konsesjonæren har eit eige ansvar for å sjå til at detaljplanar som vert send inn ikkje avvik frå konsesjonen. Eventuelle endringar skal kome fram på ein tydeleg måte og vere eintydig avklare med NVE.

Vi kan likevel sjå at vi kunne vore noko meir tydeleg i sakshandsaminga knytta til godkjenninga av detaljplanane, og vi har difor nøgd oss med å krevje at det vert send inn ein planendringssøknad for endringane slik at vi kan gjere ei vurdering av desse og om dei kan akseptast i høve til vassressurslova § 25, og om det då i så fall lyt setjast nye vilkår, eller om eksisterande vilkår er dekkande.

NVE syner til at samanlikna med konsesjonen så vil kraftverket få ei auka produksjon med om lag 1,4 GWh som fylgje av auka slukeevne. Aukinga har i seg sjølv etter vår meining ikkje vesentleg verknad for allmenne interesser, samstundes som det vert ei betre ressursutnytting i vassdraget.

Redusert storleik på omlaupsventilen, både relativt i høve til kravet om av den skal vere på 50 % av slukeevna i kraftverket, og i absolutte tal, frå 625 l/s til 170 l/s, kan auke belastninga på fisk nedstraums stasjonen. NVE vil syne til at post 8 i vilkåra gjer NVE mynde til seinare å påleggje biotopjusterande tiltak om dette synast naudsynt. Dette er pålegg som NVE kan gje om drifta av kraftverket vil få negative konsekvensar for fisk nedstraums utlaupet frå kraftstasjonen. Vi syner også til vassressurslova § 28 som gjer NVE mynde til å endre vilkåra om konsekvensane skulle verte større enn føresett ved ein konsesjon.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering finner NVE at fordelane med auka installert effekt frå 2,7 MW til 4,2 MW og slukeevne frå 1,25 m³/s til 1,88 m³/s og minska storleik på omlaupsventil frå 625 l/s til 170 l/s er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at krava i vassressurslova § 25 er oppfylt. I medhald av vassressurslova § 8 gjev NVE løyve til planendringa for Sundal kraftverk.

Kommentarar til vilkåra

NVE har i samsvar med dette vedtaket endra vilkåra i post 1, 2. avsnitt i konsesjonen for Sundal kraftverk. Vi har no fjerna kravet om at storleiken på omlaupsventilen skal vere på 50 % av maksimal slukeevne til berre å fastslå at det skal vere omlaupsventil i kraftverket. I tillegg skal det etablerast måleanordning for registrering av minstevassføring ved inntaksdammane. Dette er eit pålegg som er gjeve til alle kraftverkseigarar i brev dagsett 11.7.2008, og tilleggget er fylgjeleg berre ei formalisering av pålegget.

I løyvet er det også eit vilkår om varslingsplikt, jf. post 12. Dette er nytt frå førre konsesjon, men medfører ikkje andre plikter for kraftverkseigaren enn å varsle NVE om ein eventuell overdraging av kraftverket til annan eigar.

Klageadgang

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet (OED) innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kap VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til OED og sendast gjennom NVE.


Rune Flatby
avdelingsdirektør
Øystein Grundt
seksjonssjef



Vedlegg: Vassdragskonsesjon (erstattar konsesjon av 25.08.2005

Kopi: Volda kommune, Stormyra 2, 6100 VOLDA
Møre og Romsdal fylke, Fylkeshuset, 6404 MOLDE